

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Oktober 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Hovudtema for dette nummeret er FN's berekraftmål og spesielt det som gjeld mat og landbruk. Attåt har me artiklar om handelspolitikk og om Agroecology Forum Europe.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

BORTGLØYMDE BEREKRAFTMÅL?

Hausten 2015 vedtok generalforsamlinga i FN etter grundig debatt 17 berekraftmål med mange delmål. Dei gjeld for alle land og skal realiserast innan 2030. Me har altså brukt to tredelar av tida, og det er tid for å vurdere kor langt unna full realisering ligg. FN's organisasjon for mat og landbruk FAO har spesielt ansvar for å følgje opp seks av måla, mål nr. 2 om å utrydde svolt, nr. 5 om jamstelling mellom kjønna, nr. 6 om reint vatn og gode sanitærforhold for alle, nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon, nr. 14 om livet under vassflata og 15 om liv på land.

25. september i år la FAO fram ein omfattande rapport om status i arbeidet med desse måla og delmåla. Det er nokså dystre lesnad. Berre kvart fjerde av dei 22 delmåla er i ferd med å bli nådd.

Rundt 8,2 prosent av menneskeheita var ramma av svolt i 2024. Målet i prosent er det ein liten nedgang frå 8,5 i 2023 og 8,7 i 2022, men framleis høgare enn då målsetjinga om å utrydde svolten vart vedteken i 2015. Og utryggleiken aukar. I fjor levde 28

prosent av verdas innbyggjarar, nesten 2,3 milliardar, i moderat eller alvorleg matutryggleik. I 2015 var prosenten 21,4 og talet 1,6 milliardar.

Innanfor berekraftmålet om å utrydde svolt har FAO teke i bruk ein ny indikator om kosthald, minimumet av kosthaldsmangfald for kvinner i fødedyktig alder. Dette for å understreke kor viktig eit sunt kosthald er for å unngå underernæring. Mønsteret er det same som for mange målestavar knytte til mattilgang. Nord-Amerika og det meste av Europa har nådd eller er i ferd med å nå akseptabelt kosthaldsmangfald. Sentral- og Sør-Asia går framover, men sakte. I måleperioden 2019 til 2023 nådde 48 prosent av kvinnene der minimumsnivået. For resten av verda blir det verre. Berre 44 prosent av kvinnene i Afrika sør for Sahara har tilgang til eit kosthald med mangfald.

Småbrukarar er viktige i verdas matsystem og lokalkonomiar,

men globale tal viser at inntektene går nedover i mange land, sjølv om det har vore noko vekst i produktiviteten.

framhald neste side



Food and Agriculture
Organization of the
United Nations

Tracking progress on food and agriculture-related SDG indicators 2025



Rapporten frå FAO tyder på at berre 20 prosent av berekraftmåla og -delmåla blir nådde innan 2030. Når det gjeld 15 prosent av måla og delmåla er det moderat framgang. For 47 prosent av måla og delmåla er framgangen så liten at det er utilstrekkeleg, og for 18 prosent av dei har det vore stagnasjon eller tilbakegang jamført med 2015-nivået.

MÅL 2: UTRYDDE SULT, OPPNÅ MATSIKKERHET OG BEDRE ERNÆRING, OG FREMME BÆREKRAFTIG LANDBRUK

2.1) Innen 2030 utrydde sult og sikre alle mennesker, særlig fattige og personer i utsatte situasjoner, inkludert spedbarn, tilgang til nok, trygg og sunn mat hele året

2.2) Innen 2030 utrydde alle former for feilernæring, og innen 2025 nå de internasjonalt avtalte målene som omhandler veksthemming og avmagring hos barn under fem år, og ivareta ernæringsbehovene til unge jenter, gravide, ammende kvinner og eldre personer

2.3) Innen 2030 doble produktiviteten og inntektene til småskala matprodusenter, særlig kvinner, urfolk, familiebruk, husdyrnomader og fiskere, blant annet gjennom sikker og lik tilgang til jord, andre produksjonsressurser og innsatsmidler, kunnskap, finansielle tjenester, markeder og muligheter for verdikjening og for sysselsetting utenfor landbruket

2.4) Innen 2030 sikre at det finnes bærekraftige systemer for matproduksjon, og innføre robuste metoder som gir økt produktivitet og produksjon, som bidrar til å opprettholde økosystemene, som styrker evnen til tilpasning til klimaendringer, ekstremvær, tørke, oversvømmelse og andre katastrofer, og som gradvis bedrer arealenes og jordas kvalitet

2.5) Innen 2020 opprettholde det genetiske mangfoldet av frø, kulturplanter, husdyr og beslektede ville arter, blant annet gjennom veldrevne og rikholdige frø- og plantesamlinger nasjonalt, regionalt og internasjonalt, og fremme tilgang til og en rettferdig og likeverdig fordeling av de goder som følger av bruk av genressurser og tilhørende tradisjonell kunnskap, i tråd med internasjonal enighet

2.a) Blant annet gjennom bedre internasjonalt samarbeid øke investeringene i infrastruktur på landsbygda, i forskning og veiledningstjenester innenfor landbruket, i teknologiutvikling og i genbanker for planter og husdyr, med sikte på å forbedre produksjonskapasiteten i landbruket i utviklingsland, særlig i de minst utviklede landene

2.b) Korrigere og hindre handelsrestriksjoner og vridninger på verdens landbruksmarkeder, blant annet gjennom en parallell avvikling av alle former for eksportsubsidier på landbruksvarer og alle eksporttiltak med tilsvarende effekt, i samsvar med mandatet for Doharunden

2.c) Vedta tiltak for å sikre at råvare- og derivatmarkedene for matvarer er velfungerende og legge til rette for rask tilgang til markedsinformasjon, blant annet om matreserver, for å begrense ekstreme svingninger i matvareprisene

I mange land er årsinntektene fra landbruk i liten målestokk under 1500 dollar. Normalsituasjonen er at småbrukarane tener mindre enn halvdel av større bønder. Data frå 49 av dei messt sårbare landa viser at småbrukarar er utan eller med usikker eigedoms- eller bruksrett til land, og at dette mest av alt gjeld kvinnene i landbruket. I fleirtalet av desse landa har kvinners rett til å bruke landbruksjord lågt vern, svært lågt eller ikkje i det heile.

På den positive sida er at meir utsett, genetisk materiale frå planter og dyr blir teke vare på i verneanlegg som frøbankar, endå det er langt til målet om å ta vare på genetisk materiale. Framleis er berre nokre få prosent av sårbare artar konserverte på måtar som gjer at dei kan gjenskapaast i tilfelle utrydding.

Eit viktig framsteg er betra vass-effektivitet, spesielt i land der vassman-


gel hemmar matproduksjon vesentleg. Men samtidig viser regionale undersøkingar at mange regionar, såleis Vest-Asia og Nord-Afrika, slit meir og meir med vassmangel. Vassmagasin i jorda tømest, og temperaturstigning gjer at nedbøren i høg fjella i regntida kjem som regn og ikkje som snø. Regnet når elvane og hava i løpet av kort tid, medan snø blir lagra, smeltar og renn ut i elvane i tørketider når jordbruksvatning trengst.

FAO overvakar også havfisket. Tala der er like dystre som for landjorda. Fiske i mindre skala er viktig for matforsyninga, men har lite vern. I staden blir det meir og meir av ulovleg, urapportert og uregulert fiske, og med det blir helsetilstanden i havområde svekka. Andelen av fiskebestandar innanfor biologisk bærekraftige nivå har gått ned frå 90 prosent i 1974 til 62,5 prosent no.

Verdas skogareal går attende, men i litt saktare tempo enn tidlegare tiår. Den delen av landjorda som er skogdekt, gjekk ned frå 31,9 prosent av samla landareal i år 2000 til 31,2 prosent i 2020, ein nedgang på nesten 100 millionar hektar. Nedbygging med vegar, industrianlegg og bustader, utviding av landbruk og erosjon på grunn av harddrift og klimaendringar er dei viktigaste årsakene. Og i delar av verdas fjellområde blir plantedeckket brote ned.

Oppsummert skriv rapporten at når det gjeld dei fleste bærekraftsmåla, og ikkje minst mål nr. 2 om å utrydde svolt, har verda ikkje oppnådd be-tring sidan 2015. Sjansane til å nå målet blir mindre år for år.

Med berre fem år att til mållinja i 2030, skriv rapporten, er det presserande behov for å fleirdoble innsatsen på alle område. Berre med det kan bærekraftarbeidet kome på sporet att. Og aller mest gjeld det måla som er knytte til landbruk og matproduksjon.



NY GLOBAL HANDELSPOLITIKK

«Stilt overfor effekten av Donald Trumps politikk har Europa – som andre deler av verden – ikke noe annet valg enn å tenke helt nytt om sine handelsregler. ... Hvis Europa ikke snart gir slipp på sin kjærlighet til frihandel, risikerer de en unik sosial og industriell katastrofe, og planeten vil også lide.» Det er den kjende franske samfunnsøkonomen Thomas Piketty som skriv dette i Le Monde, gjengitt i Klassekampen 18.10.

Bakgrunnen er sjølvsagt at USA med Donald Trump sjonglerer med tollreglar og andre ordningar for å finne dei løysingane som alltid passar deira land best, men også for å straffe land og styringsfolk som ikkje gjer som USA vil. For USA betyr avtalane landet og 165 andre land har slutta seg til i Verdas handelsorganisasjon WTO, lite eller ingen ting. Og når mektige USA ignorerer felles reglar, må også andre land tenkje annleis. Attåt kjem at handel over landegrenser utgjer enorme klimautslepp, og at internasjonale reglar er forma slik at forureininga i liten grad rammar forureinar, men i staden menneskeheita i fellesskap. Samla utgjer kostnadene på grunn av utslepp, klimakatastrofar, redusert aktivitet, oppvarming og meir, rundt 1000 euro per tonn, skriv Piketty. Det tredje elementet i bakgrunnen er dumping. Innanfor frihandelstenkinga blir varene kjøpte frå landet og bedrifta som tilbyr dei billigast, og det vil seie landa der lønnskostnadene utgjer lite av total-kostnadene, der skattane er lågast og miljøkrava veikast.

FØRSTE VERDSKRIG OG SEIN-ARE

Frihandelstankar har kome og gått i fleire hundreår. I tida rundt førre hundreårsskifte stod dei sterkt i Europa, og andre delar av verda måtte rette seg etter koloniherrane. Britar, franskmenn og etter kvart US-amerikanarar skulle produsere industrivarer, mindre land maten. Jamvel nordiske land eksporterte ost, smør og kjøt til stormaktene, medan dei kjøpte att industrivarer og billig mat som Amerika-flesk og matkveite. Krigsåra kom med stogg i handel, blokade, senking av lasteskip, utskriving av soldatar og bruk av statsbudsjetta til krigføring. Ved krigsslutt var mange yngre menn invalidiserte eller avlidne, matproduksjon var ramma, og samtidig kom spanskesjuka. Masse-svult nådde land etter land, og hardast dei landa som hadde basert seg på kjøp

og sal av mat framfor produksjon for egne behov.

Somme land tok lærdom, Finland med omfattande satsing på sjølvberging og Norge med bureisingspolitikken der bortimot 20.000 nye bruk kom att, samtidig som landbruket meir og meir vart basert på innsatsfaktorar som ikkje let seg skaffe innan landa og heller ikkje importerte i krigstider.

Då andre verdskrig kom, lykkast somme land, som England, med å drive opp matproduksjonen noko. Men ny svolt ramma land og særleg land med mykje import og mykje eksport, som Nederland, Belgia og Østerrike.

Trass desse vonde røynsle nye Europa og store delar av verda opp att frihandelstenkinga etter krigsslutt, og den internasjonale frihandelsorganisasjonen Gatt (General Agreement on Tariffs and Trade) og seinare WTO (World Trade Organization) oppstod, med tankar om at varer, etter kvart også mat, skulle flyte fritt over landegrenser i ei internasjonal arbeidsdeling der kvart land dreiv med det som passa dei best og handla inn alt det andre dei trong.

SOYAKONFLIKTEN MELLOM DEI TO STØRSTE

Ei lita bønne kan velte eit stort lass, skreiv Torbjørn Færøvik i Dagsavisen 10.10. Temaet var handelskrigen mellom USA og Kina om soyabønner. Ein gong i tida oppstod soyabønneplanten – i Kina. Men produksjonen der har stoppa opp. Øvst blant soya-produsentar er Brasil med 152 millionar tonn, USA har 113 millionar, Argentina 25 og Kina 19. Samla global produksjon ligg på rundt 385 millionar tonn, slik at dei fire store står for 80 prosent av verdsproduksjonen. Soya blir til proteinrikt dyre- og fiskefôr, til menneskemat og til olje. Kina var vore den viktigaste importøren av soya frå USA, til fôr til gris og kylling og til menneskemat. Men i juni i år sette Kina opp tolla på soya-import frå Midtvesten i USA som ein protest mot USAs handelsåtfærd. Andre produsentar veit at Kina utgjer ein stor marknad og tek gjerne over leveringa.

Trump sa til Xi Jinping at Kina burde firedoble kjøpa av omsyn til US-amerikanske soyaprodusentar. Men det var han og ikkje Xi som starta handelskrigen. – Det er me som sit att med fulle siloar og tomme kontoar, sa ein bonde i Iowa til Wall Street Journal

nyleg. Og nyleg stramma Kina til skruen overfor USA med restriksjonar på eksport av sjeldne jordmetall. Trump reagerte med å skjelle ut sin tidlegare «venn» Xi.

Konflikten mellom Kina og USA er eit døme på kva verda har i vente om landa ikkje er i stand til å semjast om fornuftige tollordningar. Det blir bitande konflikthar på kryss og tvers, utskjelling og innblanding av stadig fleire tema. Og det er eit døme på kva bønder har å vente, som kasteballar på globalmarknaden. (Kjelder: Torbjørn Færøvik i Dagsavisen, Faostat og Lester Brown: Plan B. 4.0.)

DEBATTEN SOM KJEM

Om eller når andre land reagerer på liknande vis, inneber det at verda er på veg inn i ei framtid med handelskrigar og konflikthar. Om me skal få ei framtid med berekraftig og fornuftig handel over landegrenser, må både den absolutte frihandelstenkinga for alle varer og den snevre eigeninteresse-tenkinga til USA på skraphaugen. I staden må me inn i ei tid der vareutveksling blir konsentrert om det nødvendige og med handelsbalanse. Mitt ufullstendige forslag er som følger:

Det blir lagt til grunn ei inndeling i basisvarer og andre varer. Basisvarer er til dømes mat, medisinar og maskindelar. For produksjon av desse varene treng landa suverenitet, altså at dei sjølve skal kunne avgjere toll, skatteordningar, støtteordningar og andre vilkår, med å favorisere eigen produksjon eller inngå avtalar med andre land som sikrar basisgoda.

For varer av meir unødvendig karakter kan frihandelsordningar eller moderate tollsatsar brukast. Fordi varetransport over landegrenser forureinar og fordi fri handel favoriserer land med lågast lønnsnivå og land som er slepphendte med miljøkrav, er det globalt tenlege at også for slike varer kan toll brukast, men då på eit nivå landa avgjer i fellesskap, til dømes opptil ti prosent.

Det er globalt uansvarleg å la Trump ta styringa. Andre land, såleis Norge, bør ta egne initiativ for å erstatte både frihandelspolitikk og eigenbasert politikk med ordningar som legg til grunn ei tilstrekkeleg, men også meir moderat global vareutveksling. Bønder har erfaringar med dette som mange yrkesgrupper manglar, og me bør setje temaet på saklista og utforme politikk framfor å vente på utspel frå styresmaktene.

NBS PÅ AGROECOLOGY EUROPE FORUM



Paneldebatt under Agroecology Europe Forum 2025. Fra venstre Sophia Straarup (moderator), Joel Holmdal (fra Nordbruk), Heidi Hogset (fra NBS) og Anders Led Behrend (fra Frie Bønder – Levende Land). Foto: Maximilian Isendahl.

NBS deltok da Agroecology Europe (AE) arrangerte årets forum, noe de har gjort hvert oddetallsår siden 2017. AE er et barn av småbrukerbevegelsen La Via Campesina (LVC), som hadde sitt utspring i Latin-Amerika. Denne bevegelsen har siden begynnelsen eksistert i et intimt samliv mellom latinamerikanske småbønder og sosialt engasjerte akademikere, som ønsket en ny visjon for landbruket som de kaller agroøkologi. Agroøkologi handler om å se matproduksjon i et større perspektiv, der gardsbruket inngår i både et lokalsamfunn og et lokalt økosystem. Den sosiale dimensjonen av agroøkologibevegelsen har definitivt sine røtter i Latin-Amerika, og en av 'guruene' er Miguel Altieri, en chilener som siden 1980-tallet har drevet frem forskning på et småskalaorientert landbruk i kraft av sin stilling som professor ved UC-Berkeley. Han var blant hovedinnlederne på forumet, og regnes som den sosiale agroøkologiens far.

SMÅBRUKERE OG AKADEMIKERE

I dag er LVC en verdensomspennende bevegelse, og akademikere er fortsatt med. AE har et styre som er dominert av akademikere, men de samarbeider tett med diverse småbrukerbevegelser og landbruksorienterte miljøbevegelser. Den 2. til 4. oktober samlet AE

over 400 deltakere fra hele verden på årets forum i Malmö. NBS var representert, blant annet i en paneldebatt under tittelen "Agroøkologi i Norden: Perspektiver fra småbrukerbevegelsen", sammen med representanter fra Frie Bønder – Levende land (fra Danmark) og Nordbruk (fra Sverige). Heidi Hogset, medlem av NBS sitt internasjonale utvalg, representerte norske småbrukere.

Første spørsmål panelet ble bedt om å besvare var 'Hvordan står det til med agroøkologisk landbruk i Norden?' Alle paneldeltakerne var samstemte i at begrepet agroøkologi er praktisk talt ukjent utenfor akademiske kretser, men at mange leker med de samme ideene som agroøkologibevegelsen uten å bruke begrepet. NBS har tatt inn agroøkologibegrepet i sitt prinsipprogram, men det gjenstår å gjøre medlemmene kjent med hva det betyr.

Panelet var også enige om at den største utfordringen for agroøkologi i Norden er en landbrukspolitikk som driver frem konsolidering av gardsbruk, slik at mange driftsenheter nå opererer med jord spredt over store avstander, og det vi kjenner som 'dekk og diesel'-drift. Denne utviklingen er ikke bærekraftig, og fører til stordriftsulemper, der hensikten var å oppnå stordriftsfordeler. Salen ble engasjert da samtalen dreide inn på tilgangen til jord. Det er ikke bare i Norge det

er nesten umulig å få seg en gard hvis man ikke er født til det. Den danske paneldeltakeren er selv medlem i et kollektiv som dyrker grønnsaker på leiejord på kort-siktig kontrakt. De vet ikke hvor lenge de kan fortsette driften på dette arealet.

POSITIVT FRA EU OG FAO

Agroøkologi har lenge møtt motvind, som en alternativ måte å tenke på om matproduksjon som bryter med rådende tankegang. Landbrukspolitikken må legges om betydelig skal vi få til en overgang til agroøkologi. Men utrolig nok har store, toneangivende aktører som EU og FNs ernærings- og landbruksorganisasjon, FAO, nå vedtatt at de vil arbeide for en omlegging av landbruket til agroøkologi! Håpet er at det er veien å gå for å gjøre landbruket til en avgjørende del av løsningen på FNs bærekraftsmål. Det gjenstår å se hva det blir til i praksis.

NBS sin deltaker på konferansen ble slått av hvor stor aldersspredning det var blant deltakerne, og hvor mye de lignet hverandre i sin estetiske stil – grå 'manbuns', hjemmestrikkede gensere, tatoveringer, klistremerker med slagord på veskene, ikke et slips å se (jo, ett). De unge gjorde mye av seg, og bidro sterkt til å løfte stemningen. Konferansen ble avsluttet i håpets tegn, i troen på at landbruket har en fremtid som ser helt annerledes ut enn den politikerne vil ha oss til å tro på, en fremtid med god plass til småbrukere! Kanskje noen flere fra NBS blir med når AE Forum samles igjen, i 2027 i Portugal.

Heidi Hogset

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025

Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com

Jens Erik Furulund, e-post jens-erik.furulund@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen, e-post boksmia@online.no